



Arbeidstilsynet

VÅR DATO  
04.12.2012

DYKKAR DATO  
31.10.2012

VÅR SAKSHANDSAMAR  
Edvard Klette tlf 958 14 771

VÅR REFERANSE  
2012/29442 164144/2012

DYKKAR REFERANSE  
Reiulf Ramstad Arkitekter AS  
v/Anders Tjønneland

1

Lindås Kyrkjelege fellesråd  
Lonsvegen 1  
5914 ISDALSTØ

VEDLEGG 1-2 til IG-søknad

KOPI

## VI VISER TIL SØKNAD OM SAMTYKKE TIL PLANAR FOR NYTT KYRKJEBYGG I KNARVIK

### VEDTAK OM SAMTYKKE TIL OMSØKTE PLANAR PÅ VILKÅR OG VEDTAK OM GEBYR, JF. ARBEIDSMILJØLOVA § 18-9 (1)

Vi viser til søknad frå Reiulf Ramstad Arkitekter AS datert 31.10.12 om samtykke til planar for oppføring av nytt kyrkjebygg i Knarvik i Lindås kommune, gnr. 188, bnr. 779. Jf. arbeidsmiljølova § 18-9 (1).

Vidare viser vi til telefonsamtale med ansvarleg søkjar datert 04.12.12. Vi ønskte m.a. supplerande opplysningar om tal tilsette, opplysningar om personalroma, spesifisert på planteikning.

Vi mottok tilleggsopplysningar s.d.

Følgjande dokument er motteke:

- Søknad om samtykke med opplysningsskjema, ymse anna informasjon og dokumentasjon, arbeidsmiljøfaktorar, situasjonsplan, snitt-, fasade- og planteikningar.

Vi beheld dokumenta.

### Vedtak om samtykke på vilkår

Med bakgrunn i opplysningar knytt til søknaden og med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 (1) gjev vi samtykke til planane på følgjande vilkår, jf. arbeidsmiljølova § 18-6, sjette ledd.

1.

Arbeidstilsynet krev ventilasjon i dei nye arbeidslokala. Det må difor lagast ventilasjonsplanar. For å etterkoma funksjonskrava gjevne i høve til arbeidsmiljølova § 4-4 (1) vil det normalt vera naudsynt med balansert mekanisk ventilasjon.

Planane for ventilasjon med teikningar og dokumentasjon etter sjekklister i tinging nr. 444 skal sendast til Arbeidstilsynet snarast mogleg og i god tid før arbeidet tek til.

Jf. arbeidsmiljølova §§ 4-4 (1) og 18-9.

2.

Personalgarderobe skal i tillegg til handvask med varmt og kaldt vatn, utstyrast med sitjebenk, spegel og låsbare garderobeskap.

Jf. tinging nr. 529 "Arbeidsplasser og arbeidslokaler" §§ 37 og 39.



3.

I tillegg til personaltoalettet skal alle personalroma med garderobe/vaskerom og pause/matrom leggjast til rette for yrkeshemma arbeidstakarar.

Jf. arbeidsmiljølova § 4-1 (5) og tinging nr. 529 "Arbeidsplasser og arbeidslokaler" §§ 26 og 33.

4.

Vindaugo i kontor som vender mot syd skal ha skjerming mot sola.

Jf. arbeidsmiljølova § 4-4 (1).

#### **Vedtak om innbetaling av gebyr**

I fylgje forskrift til arbeidsmiljølova om gebyr for byggesaksbehandling, tinging nr. 559, skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd.

Kor store gebyrsatsane vert, kjem an på kva type tiltak og storleiken på tiltaket. Sjå vedlegg.

Etter opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori **2d** og sett gebyret til kr. 7.500,-.

Gebyret for saksbehandlinga skal betalast av tiltakshavar. Faktura vert sendt i eiga sending. Dersom gebyret ikkje vert betalt av tiltakshavar innan betalingsfristen, vil vi tvangsinndrive gebyret med tillegg av kostnader.

Vi ber om at det vert vist til vår referanse ved seinare kontakt eller korrespondanse i denne saka.

De kan finne meir opplysningar om arbeidsmiljø og aktuelle reglar på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) eller [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

Partane kan klage på vedtaka, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå dette brevet er motteke. Direktoratet for arbeidstilsynet er klageinstans. Klagen skal sendast til Arbeidstilsynet Vestlandet. For nærare framgangsmåte ved klage, viser vi til orienteringa som er lagt ved.

For Arbeidstilsynet Vestlandet

Kåre Askvik  
tilsynsleiar  
(sign.)

Edvard Klette  
seniorinspektør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjend elektronisk i Arbeidstilsynet og har difor ingen signatur.*



Kopi til:

Ansvarleg søkjar, Reiulf Ramstad Arkitekter AS	Øvre gate 7	0551	OSLO
Lindås kommune, Areal og miljøavdelinga	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Verneombod Marit Færøy, Lindås Kyrkjelege fellesråd	Postboks 5	5951	LINDÅS
Verneombod Harald Sundsbø, Lindås Kyrjekontor	Postboks 5	5951	LINDÅS

Vedlegg: Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak  
Gebyrorientering